



Norges Handikapforbund Sørvest  
Postboks 93 Nesttun  
5852 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/86 - 19/1296

Saksbehandlar:  
Kristin Moe  
kristin.moe@lindas.kommune.no

Dato:  
18.01.2019

## Svar på førespurnad om praksis - spesialundervisning, friminutt og assistent

Viser til spørsmål frå Norges Handikapforbund Sørvest, vedkomande vedtak om spesialundervisning, assistenttimar og friminutt, datert 15.01.19.

Innleiingsvis viser de til innspel frå eit medlem i høve til assistanse for barnet sitt, som er elev i grunnskulen i Meland. Eleven har fått vedtak om spesialundervisning og assistenttimar i skuletida, men får ikkje med seg assistent i friminutta.

De ber om informasjon om korleis spesialundervisning og assistenttimar blir praktisert i friminutta.

Meland kommune har ikkje høve til å kommentere einskildsaker, men kan gje ei tilbakemelding på prinsipielt grunnlag.

Rett til spesialundervisning er heimla i § 5-1 i Opplæringslova, som seier at elevar som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett på spesialundervisning. Før kommunen gjer vedtak om spesialundervisning etter § 5-1, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova til eleven. Vurderinga skal vise om eleven har behov for spesialundervisning, og kva for opplæringstilbod som bør givast. Dette etter § 5-3 i Opplæringslova.

Den sakkunnige vurderinga skal blant anna greie ut og ta standpunkt til:

- Eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet
- Lærevanskar hjå eleven og andre særlege forhold som er viktige for opplæringa
- Realistiske opplæringsmål for eleven
- Om ein kan hjelpe på dei vanskane eleven har innafor det ordinære opplæringstilbodet
- Kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod

I samsvar med lovkrava i §§ 5-1 og 5-3 i Opplæringslova fattar rektor eit vedtak om spesialundervisning for eleven. Vedtaket inkluderer eventuell assistentressurs som er knytt til opplæringa, og byggjer på den sakkunnige vurderinga gjort av Pedagogisk Psykologisk Teneste, PPT.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Vedtak om spesialundervisning er eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova. Dersom føresette opplever at eleven sine rettar ikkje blir stetta i vedtaket eller i organisering av spesialundervisninga, har dei høve til å klage på vedtaket. Klagen skal sendast til den instansen (rektor) som fatta vedtaket. Får ein ikkje medhald ved ny handsaming, vert klagen sendt til endeleg avgjerd hjå Fylkesmannen i Vestland, Utdanningsavdelinga. Dei er klageinstans for enkeltvedtak fatta med heimel i Opplæringslova.

Elevar kan ha behov for hjelp/støtte/tilsyn før og etter skuletid, samt i friminutt. Til vanleg er ikkje dette å rekne som ein del av spesialundervisninga, då det ikkje er knytt til opplæringa. Som vist til over, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering før ein gjer vedtak om spesialundervisning. Vedtaket skal byggje på innhaldet i den sakkunnige vurderinga.

Skulen kan likevel setje inn tiltak for elevar som har behov for hjelp/støtte/tilsyn i løpet av skuledagen. Slike behov blir vurdert ut frå totalsituasjonen for eleven, og kan variere frå sak til sak. Nokre tiltak kan fint gjennomførast innafor det ordinære (vaksne som er saman med elevar i friminutt; tilsyn, inspeksjon, i leik og aktivitet), andre tiltak kan krevje omprioritering av/eller auka vaksenressurs i dei aktuelle tidsromma.

Avslutningsvis vil eg vise til at alle elevane har rett til eit trygt og godt skulemiljø (Opplæringslova kap. 9A). Etter Opplæringslova § 9A-4 har tilsette i skulen ei aktivitetsplikt for å sikre at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø.

Dersom føresette opplever at barnet ikkje har eit skuletilbod som stettar krava i lovverket med omsyn til spesialundervisning, skulemiljø eller andre behov, vil eg oppmode dei til å ta kontakt med skulen. Det er gjennom dialog og samarbeid det beste grunnlaget for kunnskap om eleven sine behov kjem fram, som igjen er eit viktig grunnlag for vurderingar knytt til organisering av skuledagen.

Vonar dette svaret var til nytte for dykk.

Med helsing

Martin W. Kulild  
Rådmann

Kristin Moe  
kommunalsjef oppvekst

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Norges Handikapforbund Sørvest

Postboks 93  
Nesttun

5852

BERGEN